Årsmelding

- melding om lokallagsverksemda

Stad lokallag

2023

1.1. Årsmøtet 2023

Årsmøte 2023 vart halde på Nordfjord hotell 9. mars. Vi starta med buffet og sosial prat. Sjølve årsmøtet starta kl. 18.30 med ordinære årsmøtesaker. Klubbane hadde vore aktive med å spele inn saker og fråsegner som vart handsama på møtet. Hege Rusti frå fylkesstyret var gjest og vi hadde underhaldning av elevar i frå Eid ungdomsskule.

Det var 93 deltakarar til stades på møtet, der 92 hadde røysterett. Lokallagsleiar og nestleiar var møteleiarar.

1.2. Medlemsstatistikk

Tal medlemmar	Pr. 15.02.24	Endring frå 31.12.22
I lokallaget	435	+2
Medlemsgruppe barnehage	73	-2
Medlemsgruppe grunnskule	181	+1
Medlemsgruppe vidaregåande opplæring	31	-1
Medlemsgruppe FAS	22	0
Medlemsgruppe UH		
Av desse leiarmedlemmar	30	-1
Av desse medlemmar i privat barnehage	25	-5
Medlemmar utan medlemsgruppe	11	
Pensjonistar	128	

1.3. Tillitsvalde i lokallaget

01.01.23 - 31.07.23

I denne perioden har lokallagsstyret bestått av:

Namn	Verv	Eventuelle frigjering betalt av	
		Organisasjon	Arbeidsgjevar
Vigdis Heimdal Reksnes*	Leiar	47%	
Siv Tonje Otneim**	Nestleiar	20%	
Mirjam Bruvoll	HTV		60%

Liv-Olene Lode Hatlegjerde	Økonomiansvarleg		
Gro Irene Nedreberg	Medlem		
Mariann Olin Leite Hatlenes	Medlem		
Anita Sørland Hunvik	Medlem		
Signy Muller	Medlem		
Andreas Helle	Medlem		
Per Kenneth Hovdevik***	Medlem		

*Vigdis Heimdal Reksnes trekte seg som leiar på styremøte 20.03.23
**Siv Tonje Otneim. Nestleiar med 20 % frikjøp fram til 20.03.23. Konstituert leiar i Utdanningsforbundet Stad frå 21.03.23
***Per Kenneth Hovdevik gjekk inn som fast medlem 21.03.23.

Varamedlemmar:		
Per Kenneth Hovdevik	1.vara	
Silje Myklebust	2.vara	
Kari-Lise Elvebakke Solheim	3.vara	
Andre tillitsverv:		
Ole-Reinhardt Bugjerde		Pensjonistkontakt
Ingrid Marie Berg		Medlemsråd for i VGS UDF Vestland
Vivian Frøynes Melheim		Medlem i leiarråd i UDF Vestland
Roald Hanssen		4.vara i Pensjonistrådet i Vestland

Hovudtillitsvalde

Namn	Verv	Eventuell frigjering betalt av Organisasjonen	Arbeidsgjevar
Til 31.07.23 Mirjam Starheim Bruvoll	HTV		60%
Vigdis Heimdal Reksnes	HTV2		
Elisabet Fjellestad Årskog	HTV3		

Lokallagsstyret 01.08.23-31.12.23
I denne perioden har lokallagsstyret bestått av:

Namn	**Verv**	**Eventuelle frigjering betalt av Organisasjon**	**Arbeidgjevar**
Siv Tonje Otneim	Leiar	50%	
Anita Sørland Hunvik	Nestleiar		
May Brith Melheim	HTV		65%
Liv-Olene Lode Hatlegjerde	Økonomiansvarleg		

Vivian Frøynes Melheim	Medlem		
Mariann Olin Leite Hatlenes	Medlem		
Signy Muller	Medlem		
Andreas Helle	Medlem		
Per Kenneth Hovdevik	Medlem		

Varamedlemmar:		
Kari-Lise Elvebakke Solheim	1.vara	
Vigdis Nordeide Gjengedal	2.vara	
Henning Haugen	3.vara	
Andre tillitsverv:		
		Kontaktperson grunnskule
		Kontaktperson barnehage
		Kontaktperson vidaregåande skule
Ole-Reinhardt Bugjerde		Pensjonistkontakt
		Medlem i VGS UDF Vestland
Vivian Frøynes Melheim		Medlem i leiarråd i UDF Vestland
Roald Hanssen		4.vara i Pensjonistrådet i Vestland

Hovudtillitsvalde

Namn	Verv	Eventuell frigjering betalt av Organisasjonen	Arbeidsgjevar
May Brith Melheim	HTV		65%
Elisabet Fjellestad Årskog	HTV2		
Siv Tonje Otneim	HTV3		

Arbeidsplasstillitsvalde i lokallaget 2023
Under ser du ei oversikt over kven som har vore tillitsvalde på arbeidsplassane i denne perioden.

Arbeidsplass	Namn	Periode
Eid Ungdomsskule	Marina Khudizhilva Aasebø	
Nordfjordeid barneskule	Lene Melheim	
Eid vidaregåande skule	Anita Sørland Hunvik til 31.07.23 Kari-Lise Solheim Elvebakke frå 01.08.23	
Hjelle skule	Elisabet Fjellestad Årskog	
Golvsengane barnehage	Mariann Oline Leite Hatlenes	
Gjerdane barnehage	Sissel Høynes	
Læringsverkstedet barnehage	Ragnhild Juvet Myklebust	
Haugen skule- og barnehage	Gunn Aslaug Bakke	
Stad vaksenopplæringa	May Brith til 31.07.23 Ann Kristin Endal frå 01.0823	

Kjølsdalen Montessori barnehage	Marita Hovden
Stårheim skule	Mette Lise Bakke
Stårheim barnehage	Nina Kristin Torheim
Flatraket skule	Anne-Britt Heggen
Selje skule	Håkon Martinussen
Selje barnehage/ Flatraket barnehage	Malin Arvidsson
Leikvang barnehage	Birgitte Fjugstad Christiansen
Stadlandet skule	Kristin Sudman

2.0. Arbeidet i styret

A	Tal styremøte siste året:		6									
B	Tal utvida styremøte siste året:		3									
C	Laget har utval/råd/forum for desse medlemsgruppene:											
	Barnehage		Grunnskule		Vidare-gåande		FAS		UH		Leiarar	
D	Utvala sin møteaktivitet, tal møte:											
	Barnehage		Grunnskule		Vidare-gåande		FAS		UH		Leiarar	
E	Andre type råd og utval i lokallagsstyret											
F	Vurdering av arbeidet i utvala/råda/fora:											

Medlemmar
Utdanningsforbundet Stad har per 15.02.2024, 435 medlemmar.

Kontor
Utdanningsforbundet Stad sine tillitsvalde nyttar heimekontor, såleis har ikkje lokallaget kostnadar knytt til leige av lokale. Lokallagsleiar og hovudtillitsvald har kontordagar onsdagar, torsdagar og fredagar.

3. Årsmelding frå hovudtillitsvald

3.1 Medråderett

A	Tal møte mellom HTV og arbeidsgjevar	**50**
	Kommunedirektør Kommunalsjef for Oppvekst og opplæring Kommunalsjef for Kultur og samfunn Kommunalsjef for Helse og omsorg Leiar for personal og kommunikasjon Personalsjef	9 20 5 2 3 12
B	Tal møte i administrasjonsutval eller andre nemnder som	**37**

	avgjer personalspørsmål og tilsetjingar	
	ADMU AMU Omstillingsutval HMS-møte Andre møter knytt til tilsetjing og personalspørsmål	3 5 3 4 22
	HTV har vore tilhøyrar i finansutvalet, formannskapet og kommunestyret når det har vore aktuelle saker	

Møteverksemda har vore høg også i 2023, men tal møter for HTV har gått noko ned.

I 2022 vart fagorganisasjonane einige med arbeidsgjevar om å gjennomføre fellesopplæring for tillitsvalde og einingsleiarane. Samlinga måtte av ulike årsaker skyvast på og vart først gjennomført i januar 2023.

I 2023 annonserte kommunedirektør Åslaug Krogsæter at ville slutte 1. desember. Det blei oppnemnt eit tilsetjingsutval for rekruttering av ny kommunedirektør som var samansett av ordførar Gunnar Silden, varaordførar Siri Sandvik og leiar for det største opposisjonspartiet, Paul Jacob Helgesen og to tilsetterepresentantar, HTV for Utdanningsforbundet og HTV for Fagforbundet. HTV for Utdanningsforbundet deltok på 10 møter i tilsetjingsprosessen. Tilsetjingsutvalet hadde samarbeidd tett med rekrutteringsbyrået Headvisor i tilsetjingsprosessen av fungerande kommunedirektør Kristine Dahl.

I 2023 har ein hatt eit godt samarbeid mellom fagorganisasjonane. Utdanningsforbundet opplever at ein står sterkare når ein tek diskusjonane på bakrommet og står meir samla i drøftingar og forhandlingar med arbeidsgjevar.
HTV har hatt eit godt samarbeid med arbeidsgjevar i året som har gått. Vi får delta i arbeidsgrupper og er tidleg med i prosessane.

Organisasjonane og kommunedirektøren er framleis samde i at trepartsmøta er viktige møtepunkt for einingane. Ein har difor arbeidd vidare med dokumentet «Sakliste og referatmal for trepartsmøter» og tydeleggjort denne. Vidare har ein arbeidd med avvik og sikring av eit godt og trygt arbeidsmiljø for dei tilsette. Vi ynskjer ein kultur med låg terskel for å melde i får om avvik, og skape læringsmiljø gjennom god handtering av avvik i organisasjonen.

Eit utval av andre saker det har blitt arbeidd med:

- ✓ Seniorpolitikk
- ✓ Lokal lønspolitisk plan
- ✓ Likestillingsutgreiing
- ✓ Samarbeidsplan Bedriftshelsetenesta, BHT
- ✓ Heiltidskultur
- ✓ HMS-årshjul
- ✓ HMS-plakat
- ✓ Overordna HMS-handlingsplan
- ✓ Årsarbeidsplan for tilsette i helse og omsorg
- ✓ Mottak av flyktningar
- ✓ Budsjett
- ✓ Bemanningsplanar
- ✓ Sjukefråvær

- ✓ ROS-analyse ved omstilling
- ✓ Prosedyre for rusmiddeltesting
- ✓ Trepartsmøter

3.2. Representasjon

Lokallaget/HTV har vore representert i følgjande utval/komitear	Namn på representant
Administrasjonsutvalet	Mirjam S. Bruvoll til 31.07.23, May Brith Melheim frå 01.08.23
Arbeidsmiljøutvalet	Mirjam S. Bruvoll til 31.07.23, May Brith Melheim frå 01.08.23
HMS-gruppe	Mirjam S. Bruvoll til 31.07.23, May Brith Melheim frå 01.08.23
Arbeidsgrupper	Mirjam S. Bruvoll til 31.07.23, May Brith Melheim frå 01.08.23
Tilsetjingsutval, kommunedirektør	Mirjam S. Bruvoll til 31.07.23, May Brith Melheim frå 01.08.23
Arbeidsmøte mellom organisasjonane	Mirjam S. Bruvoll til 31.07.23, May Brith Melheim frå 01.08.23

4. Arbeid etter handlingsplanen

4.1. Evaluering av arbeidet

Lokallaget har hatt følgjande satsingsområde	**Evaluering av arbeidet med satsingsområdet**
Politikk	Ressursar: Lokallagsleiar har vore i kontakt med folkevalde i saker som skal handsamast politisk. Tid for dei minste er eit satsingsområde for Utdanningsforbundet inneverande landsmøteperiode. Målet med satsingsområdet er å sikre fleire barnehagelærarar og auka bemanning i barnehagane. Vi har arbeidd med dei folkevalde for å rette fokus på utfordringane kring bemanningsnorma, og sikre nok barnehagelærarar og tilsette i barnehagane, slik at barna får ein trygg og god kvardag. KS-debatthefte: Lokallagsleiar sende ut Utdanningsforbundet sitt tilsvar til KS-debatthefte til dei folkevalde, og var aktivt i kontakt med folkevalde før handsaming av KS-debatthefte i kommunestyret. Vi er tilhøyrarar på politiske møte når vi har høve, og elles følgjer vi dei fleste møta på nett. Det er viktig for oss å ha eit godt tilhøve til dei folkevalde og bli kjende med det nye kommunestyret.
Løns- og arbeidsvilkår	HMS-gruppe der HTV i UDF er eit av 8 medlemar. Avvik og sjukefråvær er fast tema på desse møta.

	I omstillingsprosessar der rutinar og reglement blir utarbeidd og revidert er HTV tett på. Vi hadde ein god prosess i lønsforhandlingar for kapittel 3 og 5.
Organisasjon	Stad lokallag: Vi har gjennomført møter og aktivitetar i ulike delar av kommunen. På større arrangement har vi vore i Operahuset Nordfjord. Desse er skrive om under punkt 6 i årsmeldinga. Tilbod til medlemmar: Vi har arrangert medlemsmøte for pensjonistane både i Selje og på Bryggja og Kjølsdalen. Grunna låg påmelding, vart pensjonisttreffa på Bryggja og Kjølsdalen avlyste. Vi har arrangert medlemsmøte for medlemmane med kjende artistar og føredragshaldarar. Vi opplever at desse arrangementa vert godt mottekne av medlemmane. Klubbutvikling: Fleire har vore på tillitsvaldopplæring, storkurs og utvida styremøte. Dette er dei viktigaste arenaane for å vere oppdatert og dermed kunne arbeide aktivt i klubben. Det er varierande aktivitet i dei ulike klubbane, men styret samarbeider godt med ATV. Vere synlege og aktive: Det er godt samarbeid mellom fagforeiningane på kommunalt nivå.

4.2 Generell vurdering av arbeidet med handlingsplanen:

Handlingsplanen vert vedteken for to år om gongen, med høve til innspel på årsmøte. Styret er nøgde med at handlingsplanen er toårig, noko som gjev oss høve til å bli godt kjende med den og gjev oss rom for å arbeide langsiktig.

4.3 Andre viktige saker som Utdanningsforbundet har arbeidd med

2023 har vore eit år med store utskiftingar i lokallaget, noko som har kravd mykje tid og ressursar for leiinga.

I år har vi hatt fokus på faglege og sosiale treffpunkt for medlemmane for å styrke samhald og fagforeiningsmedvitet i lokallaget. Vi har arbeidd for å auke engasjementet blant medlemmane.

Sjå punkt 6 for andre viktige saker som lokallaget har arbeidd med.

5. Deltaking på kurs og møte arrangert av lokallag eller fylkeslag

Dato	Kurs/ møte	Arrangør	Tal deltakarar
05.01.23	Møte valnemnda	UDF Stad	5
10.-12.01.23	LL/HTV	UDF Vestland	2
17.01.23	Kurs valnemndsleiar	UDF Vestland	1
02.02. 23	Styremøte	UDF Stad	8
02.02.23	Kurs for rekneskapsansvarlege/LL	UDF Vestland, digitalt	2
08.09.02.23	TV3 Kommune	UDF Vestland	2
15.02.23	Styremøte	UDF Stad	10
15.-16.02.23	AT-VGO	UDF Vestland	1
07.03.23	Referat styremøte	UDF Stad	8
09.03.23	Årsmøte i Utdanningsforbundet Stad	UDF Stad	
16.-17.03	Storkurs ATV/LL/HTV	UDF Vestland	14
20.03.23	Styremøte	UDF Stad	10
14.04.23	AU-møte	UDF Vestland	1
18.04.23	Medlemsmøte Marthe Valle	UDF Stad/Gloppen	100
02.05.23	Utvida styremøte	UDF Stad	27
09.11.05.23	Årsmøte UDF Vestland	UDF Vestland	2
01.06.23	Styremøte	UDF Stad	9
07.06.23	TV4	Førde	2
14.-15.06.23	LL/HTH/FST Lov og avtaleverk	UDF Vestland, Voss	2
21.06.23	Pensjonisttreff i Selje	UDF Stad	15
16.08.23	Styremøte	UDF Stad	
29.-30.08.23	Kurs for nye LL og HTV	UDF Vestland	2
28.08.23	Utvida styremøte	UDF Stad	
05.-.09.23	SEK2823 Nye lokallagsledere	UDF sentralt, Oslo	1
08.09.23	TV1	UDF Stad	4
12.-13.09.23	SEK 3123, Nye HTV	UDF Sentralt, Oslo	1
20.-21.09.23	SEK 3323 Forhandlingsledelse	UDF Sentralt, Oslo	1
27.-28.09.23	LL/HT/FST kurs	UDF Vestland, Loen	1
03.-05.10.23	TV2	UDF Vestland	1
25.10.23	Nettverkskurs for KS hovudtillitsvalde	UDF Vestland, Bergen	1
08.11.23	Utvida styremøte	UDF Stad	17
23.11.23	LL/HT/FST-kurs	UDF Vestland, digitalt	2
13.-14.12.23	Lokallagsleiarsamling	UDF Vestland	6

6. Medlemsmøte i lokallag og medlemsgrupper

Pensjonistane
Det har vore eitt treff for pensjonistane i 2023. 21.06.23 arrangerte vi pensjonisttreff i Klubbhuset til Selje IL. Her var det også fagleg innhald med Ingunn Frøyen, medlem i Pensjonistrådet i Vestland var

gjest og orienterte om trygdeoppgjeret 2023. Song, diktlesing, innimellom mat, drikke og ein god prat vart det tid til.
I tillegg inviterte vi til pensjonisttreff i på Bryggja og Kjølsdalen, men desse vart avlyste på grunn av låg påmelding.

Medlemsmøte og samling for barnehage

Arrangørane av barnehagedagen inviterte til felles, sosialt møtepunkt kvelden før barnehagedagen, for å sjå nettseminar saman. Det var ope hus for tilsette både i Selje og på Nordfjordeid, men det var få som møtte.

Medlemsmøte 18.04.23, Marte Valle "Ro uro" -eit konsertforedrag.
Saman med Utdanningsforbundet Gloppen inviterte Utdanningsforbundet Stad til medlemsmøte i Operahuset Nordfjord. Omlag 100 medlemmar frå begge lokallaga var til stades.

Medlemsmøte 09.11.23: Jævelungen, Foredragsshow med Magnus Jackson Krogh, i samarbeid Operahuset Nordfjord.
Omlag 100 medlemmar i frå lokallaget tok turen til Operahuset Nordfjord denne kvelden. Medlemsmøte starta med enkel servering i foajeen før foredragsshowet.

7. Lokale forhandlingar
Kommunalt område:
Forhandlingar etter kapittel 3 og 5:
Kap. 3 gjeld leiarar, her under toppleiarar, einingsleiarar og assisterande leiarar. Leiarane får si løn fastsett lokalt, og får løna si direkteplassert (altså løna er ikkje fastsett etter ein lønstabell, men etter ei skjønnsmessig vurdering frå arbeidsgjevar si side).

Det vert årleg gjennomført lokale lønsforhandlingar for leiarar omfatta av kap. 3. Også tilsette som vert innplassert i lønskapittel 5, får direkteplassert løn ved tilsetjing og får forhandla løna si lokalt utan fastsett lønspott. I Stad kommune gjeld dette kapittelet for dei som er tilsett i stilling som ingeniør, lege rådgjevar og saksbehandlar. Verknadstidspunktet for lønsendringa er frå 01.05.2023 då dette er avtalt i lønspolitisk plan for Stad kommune.

Organisasjonane samarbeidde godt og var einige om å forhandle samla. Fellesforhandlingane vart gjennomført i oktober og ein valde å gå for likt prosentvis tillegg i desse kapitla med utgangspunkt i ramma i det sentrale oppgjeret.

Det har ikkje vore lokale forhandlingar i private område.

8. Tiltak som fremjar likestilling

Vi arbeider for å få god kjønnsrepresentasjon mellom dei tillitsvalde. I 2023 har vi hatt tre menn i styret, inkludert pensjonistkontakt. Lokallaget har to mannlege ATV. Kjønnsfordelinga må sjåast i samanheng med at det er fleire kvinner enn menn som er tilsette i undervisningsstillingar, særleg i grunnskule og barnehage.

9. Samla vurdering av arbeidet

2023 har vore eit år med store endringar. Vi har fått ny leiing i lokallaget, nye varamedlem og nye medlem i valnemnda. Desse prosessane har kravd mykje tid og ressursar. LL og HTV har hatt eit aktivt år der dei har brukt mykje tid på å setje seg inn i nye arbeidsoppgåver, skulering og deltaking på kurs.

Vi har vore eit godt samansett styre, der medlemmane etterkvart kjenner kvarandre godt og samarbeidet har fungert fint. Trass store avstandar i kommunen, med medlemmar i styret er spreidde i frå Stryn i aust til Leikanger i Vest, har vi hatt god oppslutning både på styremøte og utvida styremøte.

_____
Stad/dato

_____ _____
Leiar Nestleiar

_____
Styremedlemmar